



Eidsvik i fugleperspektiv for nokre år sidan

**Svein Arne Eidsvik ynskjer og håpar at andre firma kan få igang noko i skipsbyggeriet. Det har vore interesse frå nokre etablerte store bedrifter utanfor Kvinnherad som har vurdert å leggja delar av produksjonen hit, men så langt er ingen ting avklara.**

**Eidsvik Eigedom vil lysa ut anlegget med hallar, kaiar og alt utstyr for leige.**

Det var i slutten av august i fjor den største verksemda i Uskedalen måtte gå til skifteretten. Då hadde Eidsvik vore utan større oppdrag ei tid. Men konkursen råka få økonomisk. I den første skiftesamlinga møtte det såleis ingen kreditorar, opplysar Eidsvik til Kvinnheringen.

Industriområdet til Eidsvik er 17,5 dekar.

Det er ein lagringsplass på 2,5 dekar. Eidsvik strekar under at

verftet har alt produksjonsutstyr som skal til for røyrarbeid, plateog sveisearbeid i stål og aluminium og utrusting av skip.

All infrastruktur ligg til rette og det er eit fleksibelt anlegg der det kan føregå ulike aktivitetar i hallane samstundes som ein kan ha båtar ved kai for vedlikehald og reparasjonar.

I den seinare tid har det vore mellombels utleige av delar av anlegget til ulike bedrifter, men det ideelle vil vera oim ei stor verksemd kan leige det heile.



Svein Arne Eidsvik håpar på utleige